

Myndig tru – mangfaldige fellesskap

Kyrkje med og for aldersgruppa 18-30

Eit evangelium for oppbrotet

Rett etter at Jesus døde på krossen sit disiplane i Jerusalem bak stengte dører av frykt for verda utanfor. Nokre er glade og opprømte fordi dei har sett den oppstadne Jesus Kristus, medan andre er urolege og tvilande. Brått står Jesus midt i mellom dei. Han talar til dei, et saman med dei og let dei få sjå dei krossmerkte hendene og føtene hans. Så sender Han dei ut i heile verda for å dela det underet disiplane sjølve har fått del i.

Denne forteljinga er eit evangelium til unge i aldersspennet 18-30 år som lever med oppbrotet som ei grunnerfaring. Denne aldersfasen er for dei fleste ei tid der ein må bryta opp frå heimen og det vante. Det er ei tid der ein nyt og plagast av mobilitet, men det er også ei tid der ein skapar og vert kjend med nye stader. For sjølv i ein mobil nettverkskultur er behovet for å høyra til ein stad viktig. Jesus gir disipline del i ei mobil tru, ei tru som flyttar med frå stad til stad, i det han opnar døra i Jerusalem og sender disipline ut i heile verda.

Kjenneteiknet på denne mobile trua er ikkje at ho er rastlaus, men at ho kan levast ut på stadig nye stader, i stadig nye fellesskap, i tillit til Jesu løfte om sitt nærvær: At kyrkje skjer der ein samlast om Ord og Sakrament. Dette er handlingar – eller praksisar – som gir mening i ulike kontekstar, og som igjen kan gi rom for meir kontekstuelte prega kristne praksisar.

Ei kyrkje som vil ta aldersgruppa 18-30 år på alvor må også ta på alvor deira erfaring av at fellesskap kan ta form både som intense møte og samtalar ein til ein og som ein marknadslass av ulike fellesskap. Desse møta og fellesskapa flyttar ein mellom, tilsynelatande uproblematisk. I møte med eit aldersspenn der marknadens valdynamikk på mange måtar definerer tilnærminga til fellesskap er det avgjerande at kyrkja som heilskap byd på eit mangfold av fellesskap. Men det er også heilt avgjerande at desse fellesskapa styrkar og utfordrar – myndiggjer – den trua som vert gitt i dåpen.

Myndig tru – mangfaldige fellesskap ønskjer å vera eit strategidokument for kyrkjas satsing på aldersgruppa 18-30 år. Strategien har fokus på følgjande hovudsatsingsområde:

- Trusopplæringsstrategi 18-30 år
- Gudsteneste som stad og fellesskap
- Kommunikasjon og rekruttering

Vegen til Kyrkjemøtet 2009

Ung i kyrkja har i perioden 2005-2008 vore ein del av strategiplanen til Den norske kyrkja. Ung i kyrkja er definert til aldersgruppa 15-30 år. I 2004 vedtok Ungdommens kyrkjemøte (UKM) å styrka kyrkja sitt arbeid med unge vaksne i aldersgruppa 18-30 år. UKM sak 06/07 gav også innspel til prosjektet, som vart blitt sett i gong som eit samarbeid mellom Kyrkjerådet og Det teologiske Menighetsfakultet. Våren 2007 vart det difor nedsett tre arbeidsgrupper i Oslo, Stavanger og Nord-Hålogaland bispedømme. Ut i frå sin lokale kontekst skulle desse arbeidsgruppene arbeida med kva utfordringar denne aldersgruppa gir til kyrkja, kva som kjenneteiknar aldersgruppa, kva aldersgruppa er opptatt av og kva strategiske vegval ein må ta i Den norske kyrkja i det vidare arbeidet med denne gruppa. Arbeidet i desse gruppene vart presentert på ein fagkonferanse ved det teologiske Menighetsfakultet i april 2008. UKM 08 arbeida vidare med denne saka utifrå arbeidet i desse faggruppene og kunnskapen som fagkonferansen genererte.

UKM 08 understrekar ambivalansen og breidda som kjenneteiknar denne aldersgruppa. Frå eit perspektiv er dette ei aldersgruppe, der fleire trivst med ansvar og som aktive medarbeidarar i ulike kyrkjelydar. Men det er også fleire i denne aldersgruppa som ønskjer å møta kyrkja og kyrkjelyden som meir enn eit krav eller ei oppmoding om å ta leiaransvar. Denne aldersgruppa er kjenneteikna av stor mobilitet og mange oppbrot. Livsfase er meir viktig som kriterium enn alder. Oslo bispedømme si arbeidsgruppe foreslo ei inndeling av aldersgruppa i:

- Unge uetablerte
- Unge etablerte
- Unge etablerte med born

Stavanger bispedømme si arbeidsgruppe hevdar at kyrkjeleg arbeid med og for denne aldersgruppa må ta på alvor at denne aldersgruppa er svært medvitne på at dei vil vera subjekt i eiga tru og difor leitar etter ei relevant kyrkje. Arbeidsgruppa frå Stavanger tek til orde for at ein difor bør bruka innsikter frå misjonal ekklesiologi i møte med denne aldersgruppa og opna for og dyrka eit mangfald av ulike fellesskap med ulik profil. Men det understrekast også at desse fellesskapa må stå i ein tydeleg relasjon til det kyrkjelege tilsynet. Arbeidsgruppa frå Nord-Hålogaland bispedømme peika på spenninga mellom ulike fellesskapstilbod for denne aldersgruppa – alt frå meir folkekirkjeleg prega fellesskap (ofte) i bygdesamanheng til meir frikyrkjeleg prega fellesskap i ein bykontekst. Denne arbeidsgruppa understrekar difor at kyrkjeleg arbeid med og for denne aldersgruppa må ta på alvor spennet og ulikskapane i aldersgruppa, knytt til sosiale tilhøve, engasjement og ønskje om engasjement og kva type gudstenesteprofil ulike unge menneske ønskjer.

UKM 08 vidareførte arbeidet med ein eklesiologisk refleksjon knytt til kyrkja sitt engasjement overfor denne aldersgruppa, og i ein kortfatta gjennomgang understrekar ein følgjande tre hovudpunkt:

- ”Alle som er døpt hører Herren til og er kirken”
- ”Den norske kyrkje er en folkekirke. Det betyr at alle skal kunne finne sin plass i den kirken de er døpt inn i, så lenge de selv ønsker det.”
- ”Kirken er mer enn gudstjenester og aktiviteter. Kirken er mennesker”

UKM 08 såg for seg ei satsing på seks ulike prosjekt:

Prosjekt A: Gudstjeneste

Prosjekt B: Kommunikasjon og informasjon

Prosjekt C: Vekst med Tro

Prosjekt D: Rekruttering av samiske unge til kirkelige stillinger

Prosjekt E: Studenter

Prosjekt F: Bygd og mindre tettsteder

På sitt møte 1.-3.desember 2008 vedtok Utval for Ungdomsspørsmål(Ufung) følgjande:

Ufung ber om at saken kirke for aldersgruppen 18-30 settes opp som sak på Kirkemøtet 2009. Det er ikke å forstå som avslutning av saken, men som start på en bredere videreføring i hele vår kirke. ”*Målet er at flere mellom 18 og 30 får en livsrytme som rammes inn av Ord og sakrament*”. Ufung ønsker seg ikke en *plan* for 18-30-arbeidet i tradisjonell forstand, men et sakspapir og et forslag til vedtak som kan være en katalysator for kreativ tenkning og gode prosesser i soknemenighetens arbeid med aldersgruppen.

Vedtaket i Ufung spissar retninga på denne saka. Dei peikar på behovet for å arbeida med form og fokus på trusopplæring for aldersspennet 18-30 i kjølvatnet av kyrkja si massive satsing på trusopplæring 0-18 år. Ein ser det som avgjerande å utarbeida strategiar for trusopplæring for aldersgruppa 18-30 år som kan gi rammer for kvar einskild sokn sitt arbeid med denne aldersgruppa og vera ein katalysator for heile Den norske kyrkjas vidare arbeid

med denne aldersgruppa. For å få det til trengs det både å gjera og å samla erfaringar frå ulike formar for kyrkjeleg arbeid med denne aldersgruppa. På same måte som trusopplæringsplanen byggjer på prosessar ”nedanfrå”, må ein også gjera og samla erfaringar frå slikt arbeid med aldersgruppa 18-30 år.

Det er særleg fire grunnar som er avgjerande for kvifor kyrkja bør fokusera og styrka si satsing på aldersgruppa 18-30 år:

1. Trusopplæring 0-18 år har (snart) ein plan. Eit viktig strategisk satsingsområde for kyrkja er *Ung i Kyrkja* (15-30 år). Empiriske undersøkingar frå fleire land tyder på at erfaringar med kyrkjeleg fellesskap i 15-18 årsfasen og 18-30 årsfasen heng tett saman og er avgjerande for vidare medlemsskap og deltaking i kyrkjelege fellesskap. Difor er det heilt avgjerande at Den norske kyrkja reflekterer over og utviklar *ein strategi for trusopplæring for aldersspennet 18-30 år*.
2. Mykje tyder på at dei problemstillingane kyrkja møter i møte med menneske frå denne aldersfasen er eit spegelbilete av dei utfordringane kyrkje vil møta i framtida. 18-30-åringar er på mange måtar ei marknadsleiale aldersgruppe. Arbeid med aldersgruppa 18-30 år vil difor vera eit *strategisk viktig læringsfelt* for ei misjonal kyrkje som ønskjer å gjera seg erfaringar i dei livsfasane som denne aldersgruppa inneheld og med generasjonar som truleg vil prega den framtidige religiøse marknaden. Mange i aldersgruppa 18-30 år er også svært engasjerte og kreative og ber på ønskje om å fornya kyrkja. Samtidig er det innanfor denne aldersgruppa at det forholdsmessig er flest som vel å melda seg ut av kyrkja. Det gjer dette aldersspennet til eit *kritisk læringsfelt* for kyrkja.
3. Eit meir ålment argument er at religiøse fellesskap, og då særleg *lokale fellesskap, skapar stad og gir rom for å høyra til*. Det er avgjerande å satsa – også frå eit statleg perspektiv og frå eit samfunnsperspektiv – på lokale fellesskap som verkar integrerande og demokratibygjande. Dette gjeld særleg i den livsfasen der ein vanlegvis gjer seg dei mest dramatiske erfaringane av mobilitet og konstruksjon av eigen identitet. Ei kyrkjeleg satsing på kontekstuelt prega fellesskap for denne aldersgruppa vil vera viktig også frå eit samfunnsmessig perspektiv.
4. Den norske Kyrkja og dei kristne organisasjonane i Noreg har allereie gjort ein del erfaringar med arbeid for denne aldersgruppa i storbysamanheng og i på funksjonsdefinerte område (studentprestar og feltprestar). Det ein har mindre refleksjon kring og brei erfaring av er *korleis ”vanlege” soknekyrkjelydar skal arbeida med denne aldersgruppa*. Her trengst det utviklingsarbeid som også fokuserer på korleis satsing på denne aldersgruppa også kan samspela med kyrkjelyden som eit intergenerasjonelt fellesskap.

Difor ser vi for oss at ei kyrkjeleg satsing på denne aldersgruppa må fokusera på følgjande:

- Arbeid med ein *nasjonal trusopplæringsstrategi* for denne aldersgruppa.
- *Lokale pilotprosjekt* som kan utvikla metodar og materiell for kyrkjeleg arbeid med aldersgruppa 18-30 år. Målet er at desse prosjekta skal gi erfaringar og innspel til arbeidet med ein nasjonal trusopplæringsstrategi for aldersspennet, og at desse prosjekta kan vera katalysatorar for idear, materiell og evt omprioritering av ressursar lokalt. Gjennom ei slik satsing vil ein utforma eit heilskapleg perspektiv på korleis arbeid i denne aldersgruppa kan bli styrkt.

Til slutt i dette dokumentet er dette utmynta i 3 hovudprosjekt, som tek utgangspunkt i dei 6 satsingsområda som UKM 08 teikna opp.

1. Prosjekt A: Trusopplæringsstrategi for aldersgruppa 18-30 år
2. Prosjekt B: Gudsteneste som stad og fellesskap

3. Prosjekt C: Kommunikasjon og rekruttering

Mellom marknad og møte

Aldersgruppa 18-30 år er kanskje dei fremste eksponentane for det marknadsprega valsamfunnet vi lever i. Dei er både *marknadsleiande* og *marknadsprega*. Dei er marknadsleiande på den måten at dei ofte er ”i front” i høve til trendar, slik at deira val og preferansar kan gi eit visst inntrykk av kva val og preferansar som vil prega heile samfunnet i framtida. Dei er marknadsprega gjennom at dei meir enn andre lever mobiliteten som kjenneteiknar den seinmoderne marknaden. Aldersspennet 18-30 år i dag vert ofte omtala som Generation Y, ofte avgrensa til dei som er fødde (ca.) mellom 1977-2000. Dei vert også omtala som E-generation, Trophy Kids eller millenniumsgenerasjonen. Numerisk sett er det ein liten generasjon på grunn av fallande fødselstal i perioden, men likevel er dei ein generasjon som i stor grad set preg på samfunnet. Generasjonsforskinga på dette aldersspennet er først og fremst interessant for kyrkjeleg arbeid med unge i denne gruppa fordi ho er fundamentert i marknadens målgruppets ønske. Ei kyrkje som vil ta på alvor arbeid med aldersgruppa må også ta på alvor marknadens dynamikk, utan at det tyder at kyrkjeleg arbeid mellom unge 18-30 år skal vera marknadsstyrt. Samtidig er det viktig å vera klar over at menneske i denne generasjonen lever i ulike livsfasar – jf. inndelinga fra Oslo bispedømme si arbeidsgruppe. For ei kyrkjeleg satsing overfor denne målgruppa er det viktig å reflektera over at ikkje alle i denne aldersfasen lever som uetablerte studentar i ein av dei store byane.

Dei er også for alvor den første generasjonen som har lært seg å gjera nytte av den pågående kommunikasjonsrevolusjonen. Mobil og internett har også ført til at dagens oppveksande generasjon har fått ein større aksjonsradius. Men denne mobiliteten kan for ein del vera krevjande: Vala ein står overfor i livsfasen som ung voksen gir seg ikkje lenger nødvendigvis ut ifrå tradisjon eller sosiale strukturar. Ein er dømt til å velja. Forminga av identitet er i større grad enn før ein prosess med open utgang. Dette set auka krav til individet. Auka krav til å framstå med ein identitet som merker seg ut og eit liv som flyter smertefritt mellom ulike kontekstar vert utfordra av ein djup trøng etter fellesskap og ei auka interesse for stader og tradisjonar, etter kontinuitet og ei kjensle av å høyra til. Den ungarske sosiologen Elemér Hankiss hevdar at menneska i forbrukarsamfunnet leitar etter det ekte, det autentiske, gjennom vanar som i utgangspunktet synast trivielle og overflatiske, som t.d. å sjå såpeseriar og å pussa tennene med tannkremen vi har sett reklame for. Han hevdar at vi lagar eigne rituelle kalendrar som passar til eit liv der vi flyttar mellom ulike fellesskap. Dette fører tilsvynelatande til at det trivielle vert eksistensielt. Men Hankiss meiner ikkje at dette tyder at forbrukarsamfunnet – eller *forbrukarsivilisasjonen* som Hankiss kallar det – har fortrent dei eksistensielle spørsmåla. Tvert imot gir denne sivilisasjonen svar på spørsmål som dei tradisjonelle og tidlegare berande institusjonane i den vestlege sivilisasjonen ikkje lenger maktar. Dette gjer at ein søker fellesskap og stader som byd på tryggleik frå ei omskifteleg verd, men som også iscenesetter forbrukarsivilisasjonen sitt meinings- og praksisunivers, som t.d. kjøpesenteret.

Det er heller ikkje overraskande at denne livsfasen er ei tid for kyrkjeleg oppbrot. Det er eit tid der ein vil prøva ut andre kyrkjelege erfaringar enn den ein evt. har fått i barne- og tenåringsfasen. Det at ein særleg i første del av dette aldersspennet vel bort aktiv kyrkjeleg deltaking er ikkje eit særnorsk fenomen. Det er gjort fleire undersøkingar, både i Europa og USA, av korleis deltaking i kyrkjelege fellesskap utspelar seg i denne aldersfasen og korleis 18-30 åringar forstår det å høyra til i kyrkja og i kyrkjelege fellesskap. Eit hovudtrekk ved desse undersøkingane ser ut til å vera at oppbrot frå kyrkjeleg fellesskap og evt. tilknyting til

nye kyrkjelege fellesskap først og fremst er knytt til livs(fase)endringar og relasjonar. Ein vert for travel, ein vil ha ei pause, ein flyttar til studiar eller jobb, ein reiser eller ein trer inn i nye relasjonar som vert avgjerande for kva fellesskap ein vel å tilhøyrer. Det verkar også som ein i denne aldersfasen i større grad enn før legg eit funksjonsdefinert mål på kvifor ein vel å vera med i ulike fellesskap, kyrkjelege eller ikkje. Stilt over for marknaden av ulike religiøse fellesskapstilbod vel ein ut i frå profil, behov og vennars val. Fleire undersøkingar tyder også på at erfaringar frå 15-18 års fasen, t.d. gjennom konfirmanttida, ofte er heilt avgjerande for i kva grad ein opplever kyrkja og hennar ritual, handlingar og fellesskap som relevante og verdifulle. I ein del land, der det kan vera økonomisk "forlokkande" å melda seg ut av kyrkja (t.d. i Finland), er 18-30 års fasen ein særleg kritisk fase, der etter måten mange vel å melda seg ut av kyrkja nettopp i denne aldersfasen. Undersøkingar tyder på at dei erfaringane ein gjer seg med kyrkjelege fellesskap i slutten av tenåra, konfirmasjonstida inkludert, og i kva grad deltaking i kyrkjelege fellesskap er ein meiningsberande del av kvardagen her og no, spelar ei avgjerande rolle, positivt forstått, for om folk i aldersgruppa 18-30 år vel å melda seg ut av kyrkja eller ikkje.

Organiseringa av kyrkjeleg medlemsskap i Noreg gjer at ein ikkje må forholda seg direkte til tilsvarande problemstillingar i ein norsk kontekst. Men det er likevel slik at det er i aldersgruppa 18-30 år at det er forholdsmessig flest utmeldingar også i Den norske Kyrkja. Nesten 1/3 av alle som melder seg ut av Den norske kyrkja, melder seg ut når dei er mellom 18-30 år, medan det berre er 15% som melder seg ut etter at dei er fylt 50 år (2007). Undersøkinga Folkekirke 2000 viser også at det er i aldersgruppa 18-30 år (18-34 år i Folkekirke 2000) at kjensla av å høyra til i kyrkja er lågast, og at det er flest i denne aldersgruppa som har vurdert å melda seg ut av kyrkja. Noko av dette handlar truleg om livsfase, men det bør likevel utfordra Den norske kyrkja til å nytenka og utvikla si satsing på aldersgruppa 18-30 år. Kanskje trengst det også meir empirisk forsking på denne aldersgruppa, særleg kvalitativ forsking som kan seia noko om kva som er avgjerande for at ein opplever at ein høyrer til i kyrkja og kva som gjer at ein deltek i kyrkjelege fellesskap i denne aldersgruppa.

Myndig tru

Trua vert gitt i dåpen. I dåpen vert den døypte frelst frå synda og døden og sameina med Kristus til eit fellesskap som er rota i Kristi død og oppstode. Trusopplæring er opplæring i den trua ein mottok i dåpen. Ei slik opplæring skal gi hjelp til å tolka og leva sitt liv i lys av denne gåva i stadig nye kontekstar og gjennom stadig nye livsfasar.

Det er få som døyper seg i Den norske kyrkja i aldersspennet 18-30 år, rundt 7 personar gjennomsnittleg av kvart årskull. Det er i samband med konfirmasjon at unge døyper seg. Medlemsprosenten ligg også noko lågare for denne aldersgruppa enn for aldersgrupper over førti år, på i underkant av 75 % (2007). Dette skuldast nok også at det er forholdsmessig fleire i dette aldersspennet med ein annan religiøs bakgrunn i tillegg til noko lågare dåpstal og konfirmasjonstal.

I Høringsutkastet til Plan for trosopplæring i Den norske kirke fokuserer ein på trusopplæring som livslang læring og om tida etter konfirmasjonstida seier ein:

I ungdomstiden etter konfirmasjonsalder kan trosopplæringen bygge videre på den kontakten som er etablert gjennom konfirmasjonstiden. Her vil det være mulig å utvikle "linjetilbud" der man får mulighet til å utvikle seg selv som menneske i samspill med andre. Trosopplæringen vil kunne ha en noe annen karakter enn før konfirmasjonen, der almennmenneskelige temaer som ungdom er opptatt av, relatertes til troen. Ungdomsgudstjenester kan være en hovedarena for kirkens trosopplæring i

ungdomsfasen, der ungdom involveres i planlegging og gjennomføring. (Høringsutkast Plan for trosopplæring i Den norske kirke: 18)

I sum fokuserer trusopplæring for aldersfasen 15-18 år på deltaking i kyrkjelydens gudstenesteliv og på trusopplæringstilbod som både er fleksible og faste på same tid. Målet med dett er at ein som kyrkje kan koma i dialog med dei ulike arenaene ein som ung deltek i. Som ein vil sjå av dei framlagte prosjekta i dette saksdokumentet vil ein sjå at ein også vurderer dette som ein avgjerande strategi for trusopplæring for aldersfasen 18-30 år.

I den samme trusopplæringsplanen, under kapitlet om konfirmasjonen, står det:

Konfirmasjonen markerer ikke lenger den unges overgang til de voksnes rekker. I dag gir konfirmasjonen god anledning til dialog mellom kirken og ungdommene når de er i en alder der viktige refleksjoner om tro, verdier og veivalg for livet skal foretas. Religiøs myndighetsalder er i Norge femten år. Konfirmasjonen kan dermed også ses som en tid for myndiggjøring av kirkens medlemmer". (Høringsutkast Plan for trosopplæring for Den norske Kirke: 20).

"*Myndiggjering*" kan vera ei hovudoverskrift for kyrkja sitt arbeid for aldersspennet (15)18-30 år. Som 15-åring vert ein religiøst myndig. Dette fell i Noreg saman med tida for konfirmasjon. Når ein vert 18 år, vert ein myndig i borgarrettsleg forstand. Det er heilt avgjerande å sjå aldersfasen 18-30 år saman med det som skjer frå konfirmasjonen og fram til 18 årsalderen. Som nemnt, tyder empiriske undersøkingar frå fleire land på at dei erfaringane ein gjer seg knytt til kyrkjeloge fellesskap i nettopp denne aldersfasen 14/15-18 år er heilt avgjerande for dei vala ein gjer knytt til kyrkjeloge fellesskap og medlemsskap i livsfasen 18-30 år. Difor kan det vera meiningsfullt å forstå konfirmasjonen som starten på kyrkjas vaksenkatekumenat, ikkje som avslutninga på hennar barnekatekumenat. Dette katekumenatet skal vekkja og styrkja ei myndig tru – den trua som vert gitt i dåpen.

Det Lutherske Verdsforbundet (LWF) gav i 2004 ut ei bok – *Mission in Context* – der dei teiknar opp kyrkjas trinitarisk funderte sending knytt til tre hovedomgrep – *transformation, reconciliation* og *empowerment* – forandring, forsoning og myndiggjering. Myndiggjering referer til Jesu ord i Apostelgjerningane 1,8: "Men de skal få kraft når Den heilage ande kjem over dykk, og de skal vera mine vitne i Jerusalem og heile Judea, i Samaria og heilt til enden av verda". Ein legg vidare vekt på at den treeinige Gud myndiggjør alle kristne i heile Guds kyrkje gjennom at dei får del i Andens gåver. Denne guddommelege myndiggjeringa av kvar døypet medlem verkar forsoning og forandring. Det avgjerande er at det er Gud som er handlande subjekt for denne myndiggjeringa og gir av sine gåver (Mission in Context: 35-36).

Kyrkja sitt oppdrag er å myndiggjera alle hennar døypte medlemmar gjennom at dei får høve til oppdaga Den Heilage Andes gjerning i deira liv og gjennom det sjå korleis dei er del av ei større sending og eit større fellesskap. I aldersfasen 18-30 år er oppbrot og flytting ei grunnerfaring. Særleg i denne fasen er difor eit fokus på myndiggjering heilt avgjerande. Det er ikkje lenger mogeleg å satsa einsidig på aldersdefinerte tiltak, som t.d. 4-årsbok eller konfirmasjon, fordi ein i denne aldersgruppa vil vera på ulik plass til ulik alder. Desto viktigare er det at dei – ofte funksjonsdefinerte – møta som finn stad bidrar til myndiggjering av den trua som vert gitt i dåpen. Gjennom dette kan døypte kvinner og menn i denne aldersfasen bli myndiggjorte til å sjå og tolka breidda av sine liv (relasjonar, arbeid, studiar, reiser, fritid) som ei gave – som ein del av Guds sending til verda: At den treeinige Gud nyskapar si kyrkje utanfrå gjennom å oss del i sin frelsande nåde og sine gåver, slik at vi vert myndiggjorte til å delta i den forandringa og forsoninga Gud vil for verda – i teneste for nesten og skaparverket.

Den tyske teologen Dietrich Bonhoeffer tala også om myndiggjering – Bemündigung. For han var det eit poeng at vi må tiltala mennesket med evangeliet der ho kjenner seg sterkest, midt i

livet. Trua og evangeliet er ikkje ei krykke. Berre ved å tiltala mennesket med evangeliet der ho kjenner seg sterkest, kan evangeliet verka myndiggjerande. Den britiske teologen Bob Mayo – ein av forfattarane av boka *Making sense of Generation Y* (20046) – brukar også *empowerment* som eit nøkkelord i møte med denne generasjonen og aldersgruppa 18-30 år. Han understrekar at fortetta familieband bidrar til å støtta og myndiggjera unge vaksne. Kyrkja sitt arbeid for aldersgruppa 18-30 år må difor ta på alvor og koma i dialog med dei ulike familiære og relasjonelle nettverka menneske i denne aldersgruppa er ein del av. Gjennom dette kan ein styrka og myndiggjera dei unge i denne aldersgruppa til å leva og fostra ei myndiggjort tru og eit heilt liv i alle dei relasjonane og på alle dei stadene dei er ein del av. Ei slik tilnærming vil også kunne knyta an til ei luthersk forståing av kallet og til ei misjonalt prega dåpsteologi. Som kristne er vi kalla til å leva i og glede oss i Guds verd og bruka dei gavene Gud har gitt oss til glede for og i teneste for nesten og skaparverket. Som kyrkje og einskildkristne har vi gjennom dåpen del i ei sending til verda. Vi er myndiggjorte til å vera Guds medarbeidarar i verda, i vårt eige liv og i andres liv. Difor heng det misjonale perspektivet og myndiggjering tett saman. Kyrkjeleg arbeid med unge i aldersfasen 18-30 år må bidra til ei ”sending frå barndoms- og tenåringssåra” til ei liv og teneste i Guds verd som er festa i denne trua som vert gitt i dåpen og til kallet om å leva som heile menneske i Guds skaparverk.

Mangfoldige fellesskap

Dagens unge er gode på å flytta mellom ulike arenaer, der ein vekslar mellom ulike handlingsmønster, ritual, og vanar. Det opplevast tilsynelatande uproblematisk å gå inn og ut av ulike tradisjonar og kontekstar. Når ein er på skulen, så leiker ein skuleleiken. Når ein er i kyrkja, så leiker ein kyrkjeleiken i tråd med kyrkjetrodisjonen. Når ein er på kjøpesenter, så leiker ein kjøpesenterleiken. Når ein er i familien, så leiker ein familieleiken. Som ung lærar ein seg kunsten å flytta mellom dei ulike kontekstane – mellom delte heimar, mellom ulike vennegjengar, til studieliv, til utlandet. Utvikling av eigen identitet handlar også om å byggja ein identitet som opplevast som samanhengande, som bind dei ulike kontekstane saman. Dette er ei spennande utfordring for kyrkja og trua. Mykje tyder på at denne aldersgruppa sine forventningar til fellesskap materialiserer kva utfordringar kyrkja vil møta i framtida. Kanskje merkast det særleg på at det ikkje lenger er alder som definerer kyrkjeleg deltaking, men funksjon, behov, kultur og livsfase. For mange er det også viktig å oppleva fellesskap på tvers av generasjonane. Her har kyrkja som fellesskap ein særleg styrke. Utfordringa for kyrkja er å byggja og invitera til eit mangfold av fellesskap og nettverk. Samtidig har Den norske Kyrkja ei særleg muligkeit og utfordring knytt til korleis dette skal ta form i det som er Den norske Kyrkja sin grunnstruktur, soknet.

Den amerikanske GT-forskaren Walter Brueggemann har utforska ein bibelsk teologi knytt til staden. Brueggemann skjelnar mellom *space*, rom, og *place*, stad. *Space* er eit område for fridom, fritt for autoritatar. *Place* er ein stad, der ting som har skjedd vert hugsa på og formidla vidare slik at staden tilbyr kontinuitet og identitet på tvers av generasjonar.

Den engelske kyrkjhistorikaren Philip Sheldrake arbeider i boka *Spirituality and theology* (1998) med korleis menneskeleg identitet og erfaring relaterer til termene *space* og *place*. I følgje Sheldrake skil stad, *place*, seg frå rom, *space*, ved at stad innehold både eit element av tilhørighet og moralske verdiar. Sheldrake sluttar seg til Walther Brueggemann sin definisjon av *place* ut i frå hans undersøking av staden si rolle i bibelsk tru. For Brueggemann er stad (*place*) eit rom (*space*) som har historisk tyding fordi ting som har skjedd der blir hugsa slik at det gir kontinuitet og identitet på tvers av generasjonar. Staden si meinings er noko som blir skapa av menneske. Eller sagt på ein annan måte: Staden er eit tolka rom. (Sheldrake 1998: 166)

For disiplane vart møtet med den oppstadne Kristus i Jerusalem stad. Det kristne fellesskapet kan også vera ein slik stad, som knyt saman dei mange romma som unge menneske flyttar mellom. Ungdomstida byd ofte på sterke fellesskapsopplevelingar. Kyrkjeleg arbeid med unge skal verken utnytta eller frykta ein slik dynamikk. Difor er det viktig å reflektera over kva stad vi ønskjer at våre kristne fellesskap skal vera. Kyrkjeleg arbeid med unge må by på fellesskap som gir hjelp til å knyta saman tru og eiga livshistorie. Fleire undersøkingar i fleire ulike land har dei seinare åra interessert seg for kva som gjer at nokre kyrkjer og kyrkjelydar lukkast med trusformidling til ungdom. Desse undersøkingane har fokusert på kva som gjer at ungdommar vert verande som aktive deltagarar i kyrkjelege fellesskap, og kva som gjer at ser på trua som ein avgjerande faktor i livet. Utgangspunktet for dette er at mange unge sluttar i kristent ungdomsarbeid etter konfirmasjonen eller tidleg i unge vaksne fasen. Fleire undersøkingar viser også at dei ikkje nødvendigvis vender tilbake til kyrkja seinare. Alle desse undersøkingane konkluderer med at trusfellesskap som byd på praksisar og fellesskap som kan gi næring til ei tru som flyttar med er avgjerande for å utvikla ei mobil tru, ei tru som ein tek med seg vidare i livet. Måten dei ulike fellesskapa – familien, ungdomsfellesskapet, kyrkjelyden – lever og praktiserer trua på er heilt avgjerande for om ungdommane som er med i desse fellesskapa skal oppleve trua som meiningsfull. Heilt avgjerande er også måten ein talar om Gud og trua på. Det er avgjerande at desse fellesskapa gir rom for å tala om og søkja ein Gud som er levande til stades i kvardagen. Det er ikkje gjort store undersøkingar med tilsvarande fokus i norsk samanheng dei seinare åra, men mykje tyder på at biletet ikkje er så heilt ulikt her: Erfaring av korleis trua levast og praktiserast i fellesskap som talar om og med Gud i presens er avgjerande for at trua kan verta ei tru som kan modnast og flytta med.

Korleis skal så kyrkja skapa slike fellesskap som er meiningsfulle og skapar grobotn for ei mobil tru? I boka *Youth Congregations and the Emerging Church* frå 2002 hevdar biskop i den anglikanske kyrkja Graham Cray at organiseringa av eigne ungdomskyrkjelydar kan vera ei riktig løysing ein del stader. Cray argumenter for dette langs tre liner:

1. *Sosiologisk*: Svært få ungdommar i ein britisk kontekst har kunnskap og kjennskap til kva det vil seia å leva som kristen. Kyrkja har ikkje gjennom sine vanlege strukturar vore i stand til å nå ut til desse.
2. *Utviklingspsykologisk*: Ungdomstida er ei strategisk viktig tid for val av tru. 70 % av dei som kjem til tru gjer det før dei er 20 år.
3. *Teologisk*: Kyrkja er etter sitt vesen misjonal. Ein trinitarisk og misjonal ekklesiologi bør sjå det som ein viktig del av kyrkja si misjonale sending til ungdomskulturen å vurdera alternative ungdomsfellesskap.

Cray tek difor til orde for ein meir fleksibel misjonal ekklesiologi og argumenterer for dette ut ifrå ei trinitarisk lesing av *missio Dei*, misjon forstått som Guds misjon: Gud er i sitt vesen ein misjonerande gud, ein sendande gud. Dette er eit grunnleggjande motiv i trinitarisk teologi. Faderen sender Sonen, og Faderen og Sonen sender Anden. Difor må kyrkja også ta ei slik centrifugal retning – som ei sending utover til (i dette tilfellet) dei unge, ikkje berre som ei sentripetal – ”kom til oss”-rørsle. Ei kyrkje som vil ta del i Guds mangfaldige misjon i verda må opna opp for mangfaldet av mogelegheiter den nye kultursituasjonen gir for kyrkja sitt arbeid blant ungdom. Han teiknar opp ulike måtar å organisera dette på, men han ser det som viktig å skjelna mellom ungdomskyrkjelydar og ungdomskyrkjer (*youth congregations and youth churches*). Ein ungdomskyrkjelyd er ei forsamling unge som har ei eller anna form for offisiell og ordna tilknyting til kyrkja på staden – anten til det lokale soknet/prestegjeldet, til prostiet eller direkte til biskopen. Å tala om ”ungdomskyrkje” er ifølgje Cray meir eksklusivt

og potensielt kyrkjesplittande, då ein slik storleik fort vert meir frittståande i høve til resten av kyrkja på staden.

Cray sine framlegg og problemstillingar har ein viss aktualitet også i høve til norsk kyrkjerøyndom, t.d. knytt til dei kristne organisasjonane sitt forsamlings- og nettverksarbeid i dei største byane. Cray sin korte gjennomgang kan vera ein nyttig vegvisar for eit slikt arbeid, men ei norsk og ikkje minst luthersk vurdering av desse utfordringane og mogelegheitene må også ta på alvor det særmerkte ved konteksten hos oss. Men det kan vera mogeleg å argumentera strategisk og misjonalt for opprettinga av ungdomskyrkjelydar også i ein norsk, luthersk kontekst. Den lutherske kyrkja i fleire av dei tyske Landeskirchen, mellom anna i Würtemberg, har sidan årtusenskiftet arbeidd inngående både praktisk og teologisk med dette. Eigne ungdomskyrkjelydar vart vurdert i tysk-luthersk samanheng allereie tidleg på 1920-talet.

Dette samsvarar til ein viss grad med Luthers arbeid med nye gudstenester og nye gudstenestefellesskap. For Luther er det Guds Ord forkjent, altså Kristus, som skapar kyrkje. I si innleiing til Ei tysk messe (1526) talar han om tre typar messer der dette kan skje – den latinske messa, den tyske messa og ei tredje messe, som er meint som ein mogelegheit til åndeleg fordjuping for dei som ønskjer det. Den lutherske teologen Frank C. Senn drøftar i boka *Christian Worship and its cultural setting* (1983) korleis Luther sin tanke om ei tredje messe kan samspela med heile kyrkja si verksemrd i vår tid. Då må ein i følgje Senn også gi rom for at det er mogeleg å gå frå det vesle fellesskapet til det store, ikkje berre frå det store til det vesle, slik Luther ser ut til å tenkja seg det. Med innsikter frå teoriar om overgangsritar argumenterer Senn for at ei slikt gudstenestefellesskap som Luther teiknar opp i si tredje messe skal vera eit *communitas*. Dette er eit fellesskap som er tettare og meir dynamisk – ofte knytt til at ein er i meir eller mindre same livssituasjon (t.d. babysang, studentfellesskap, militære) der ein kan oppleva at trua og trusopplæringa vert livsnær på ein annan måte enn i det store fellesskapet. Samtidig, understrekar Senn, er dette mindre (gudsteneste-)fellesskapet heilt avhengig av sin relasjon til det store (gudsteneste-)fellesskapet. Sagt på ein annan måte: Dei intense erfaringane i det mindre fellesskapet skal førebu ein på eit liv i det store fellesskapet. Det kan vera ein form for initiasjonsprosess.

Kyrkja si trusopplæring og gudstenestearbeid med aldersgruppa 18-30 år må lytta til desse innsiktene. Kyrkja kan ikkje forsøka å stilla seg utanfor den seinmoderne forbrukarkulturen, men ho må gå aktivt i dialog med kulturen. Samstundes er det heilt avgjerande at eit kvart fellesskap av unge (vaksne), må stå i eit nært forhold til ei sendande kyrkje, og helst ein konkret kyrkjelyd. Det fordrar ei svært sendemedvitne kyrkje med eit langsiktig perspektiv på sendinga. Viss ikkje kan etableringa av ungdomskyrkjelydar eller unge vaksne-kyrkjelydar bidra til å forsterke splittinga mellom vaksensamfunnet og ungdomskulturen. Dei som vel å engasjera seg som vegleiarar eller pastorar i ungdomskyrkjelydar må difor vera viljuge til å ha eit langt tidsperspektiv for å kunne følgja dei unge som vert med i eit slikt ungdomsfellesskap eller ein slik ungdomskyrkjelyd. Det er heller ikkje sikkert at det vert særleg misjonalt i lengda å hindra gamle menneske å få del i unge menneske sitt trusliv og visdom – og omvendt. Det avgjerande er korleis ein kan skapa ein *kyrkjeleg blandingsøkonomi* som både gir rom for tettare fellesskap som er avgjerande, særleg i overgangfasar, og for dei store, og meir opne fellesskapene.

Mangfaldig tru – myndige fellesskap?

”Kom, følg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar!” (Matt 4,19)

”Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!” (Matt 11,28)

Jesu myndiggjering av sine disiplar vert til i samspelet mellom desse to ”kom”. Aldersspennet 18- 30 år er ei tid for å rotfesta og utvikla ei myndig tru. Ein viktig del av dette handlar om å utforska trua sitt mangfald og djupn. Denne utforskinga finn stad i eit samspel med eit mangfald av ulike fellesskap. Desse fellesskapa må også vera myndige. Med ”myndige” meinast det her både at desse fellesskapa treng å verta myndiggjorte formelt av den strukturen dei er ein del av, men også at dei er seg medvitne og tek ansvar for den samanhengen og konteksten dei står i.

Både tenåra og åra som følgjer etter er ei viktig identitetstid, der ein arbeider med å binda saman si eiga verd til eit heile. Siste del av ungdomstida er ofte avgjerande for verdi- og trusval og får følgjer for resten av livet og for deltaking i vidare kyrkjelege fellesskap eller religiøs praksis. Difor er det viktig at kyrkja inviterer unge i aldersfasen 18-30 år til å erfara og skapa eit mønster for trua og livet, som det er mogeleg å ta med seg til nye kontekstar og nye livsfasar. Det er viktig at kyrkja myndiggjører unge menneske gjennom å gi dei erfaringar med ulike måtar å praktisera tru på, som gjer at ein kan leva med ei mangfaldig og myndig tru i ulike fellesskap og i skiftande kontekstar.

Dei følgjande prosjekta ønskjer å bidra til at Den norske Kyrkja kan utvikla og fornya sitt arbeid med aldersgruppa 18-30 år utifrå dette perspektivet – korleis vi som kyrkje kan gi rom for ei mobil tru: Ei tru som både er myndig og mangfaldig, og som lever og modnast i samspel med eit mangfald av myndige fellesskap. Prosjekt A, med fokus på ein nasjonal trusopplæringsstrategi er å forstå som eit overordna prosjekt. Prosjekt B og C er særlege satsingsfelt innanfor denne strategien.

Prosjekt A: Trusopplæringsstrategi 18-30 år

Dei siste åra har Den norske kyrkja vore intenst oppteke med å utvikla ein systematisk trusopplæring for aldersgruppa 0-18 år. Denne satsinga fordrar også ei systematisk oppfølging av dette i aldersspennet som følgjer, 18-30 år, mellom anna fordi mange av dei som har vore engasjerte i ulike trusopplæringstiltak etter kvart vil tilhøyra denne aldersgruppa. Utviklinga av ein trusopplæringsstrategi for aldersspennet 18-30 år krev nytenking og kreativitet – mellom anna om korleis ein gjennom eit mangfald av tiltak og fellesskap kan nå breidda i dette aldersspennet. Det er viktig å utarbeida både tidsavgrensa tiltak (t.d. nye ”riter”) og meir kontinuerlege tiltak (som t.d. gudstenester, sjå prosjekt B) som kan nå ei større breidde av aldersspennet eller vidareutvikla allereie eksisterande tiltak som ein del av ei reflektert trusopplæring med aldersgruppa 18-30 år i fokus(t.d. kyrkjelege samlivskurs, samtale før giftarmål eller dåp, studentprest- og militærprestetenestas ulike tiltak). Fleire unge i denne aldersgruppa etterlyser fellesskap og samanhengar der det er rom for å dela og læra om tru på ein måte som opplevast som relevant utifrå deira livssituasjon. Det er også avgjerande å utvikla nytt materiell og nye måtar utnytta allereie eksisterande ressursar slik at ein kan utvikla ein målretta og metodisk trusopplæringsstrategi med dette aldersspennet i fokus.

Dei seinare åra har både den katolske kyrkja og t.d. den lutherske kyrkja i USA arbeidd mykje med å fornya vakenateketumenatet i tråd med den oldkyrkjelege katekumenatetstradisjonen. I den katolske kyrkja kallast dette oftast for R.C.I.A. – Rite of the Christian Initiation of Adults. I den lutherske kyrkja i USA, ELCA, har ein omtala dette som Adult Catechumenate. Dette har skjedd som ein del av ei gjenoppdaging av kva som er det særeigne ved kyrkjas oppdrag i ein kultursituasjon som liknar oldkyrkjas kultursituasjon, der mange ikkje får kjennskap til kristen tru i familien. Sentralt i dette katekumenatet står både vekslinga mellom vegleiinga av ein personleg fadder og ei praktiserande gruppe. Katekumenatet er bygt opp etter kyrkjeåret, slik at det startar på hausten. Den første tida fram mot advent vert brukt til å finna ut kva som

er dei sentrale spørsmål ein har til tru og liv, kva ein søker etter, kva ein ønskjer å finna svar på. I openberringstida og fastetida går ein så til kjeldene for å undersøkja og oppdaga dette. Denne læringstida fører så fram til påsketida, der ein på ei gudsteneste påskennatt vert døypt eller feirar at ein vart døypet gjennom ei dåpspåminning. Men det er likevel tida etter påske og fram til pinse som er den avgjerande i dette opplegget. I denne tida skal ein forsøkja å finna ut kva innverknad vandringa med Kristus skal få på heile det livet ein er sett til å leva – i familien, i lokalsamfunnet, på jobben, i fritida, på skulen. Denne refleksjonen fører fram mot ei konfirmasjonsliknande handling. Ved pinse vert ein sendt ut med forbønn og velsigning til teneste i verda, i kvardagen.

Kanskje kan erfaringar frå eit slikt opplegg også brukast i kyrkjas arbeid mellom kyrkjas unge vaksne i Noreg. Vi ser for oss tre piloprosjekt i 3 ulike bispedømme med 3 fulltidstilsette ”unge vaksne”-prestar som i ein lokal kontekst skal utvikla trusopplæringsstrategiar og materiale retta mot aldesspennet 18-30 år, gjerne med utgangspunkt i ei utvikling av ”adult catechumenate”-materialet til ein norsk samanheng. Slik at ein både får metode og materiell. Eit slikt utviklingsarbeid kan sidan skapa ei bølgjerørsle, slik at denne måten å arbeida på kan spreia seg til andre kyrkjelydar. Under utviklinga av materiell og metodar er det avgjerande med samarbeid med både organisasjonar, ulike institusjonar og på bispedømmeplan.

Økonomiske og administrative konsekvensar:

- Utgifter til 3 lokale prosjekt med prosjektleiarar
- Utgifter til sentral prosjektleiing (innsamling og arbeid med materiale og metode i samarbeid med 3 lokale prosjektleiarar)
- Utgifter til materiell og kurs som kan spreiaast til alle sokn.
- TOTALT: 1,2-2 millioner pr. år.

Prosjekt B: Gudstenesta som stad og fellesskap

Den norske kyrkja er i ferd med å gjennomføra ein stor gudstenestereform. Dei tre kjerneverdiane for denne reforma er *deltaking, involvering og stadeigengjering*. Desse tre verdiane vil også vera avgjerande for gudstenestearbeid i aldersgruppa 18-30 år. Gudstenesta som fellesskap verkar å vera ein viktig stad for mange av dei i aldersgruppa 18-30 år som deltek aktivt i kyrklege fellesskap, særleg i dei store byane. Samstundes veit ein mindre om kva type gudstenestefellesskap som fungerer eller kan fungera for unge i denne aldersgruppa utanfor dei store byane. Dette prosjektet vil arbeida med å samla inn og systematisera erfaringar med gudstenestearbeid med aldersgruppa 18-30 år, både frå dei kristne organisasjonane sitt arbeid med dette og frå ulike initiativ på prosti- og soknenivå. På bakgrunn av dette og i tett dialog med den pågående gudstenestereforma vil ein utarbeida materiell og kursopplegg som kan stimulera lokale og kontekstuelle prosessar knytt til aldersgruppa 18-30 år si deltaking i gudstenestelivet. Ein viktig del av denne refleksjonen vil handla om korleis dette skal ta form både i bygd og by, men også om konkrete idéar knytt til utvikling av eigne gudstenester, der denne aldersgruppa er hovudmålgruppe. Heilt sentralt vert vurderingar knytt til tid, rom og rammer for slike fellesskap og korleis evt. målgruppfellesskap relaterer seg til heile det kyrklege fellesskapet. Etter som materiell og kursopplegg vert utvikla bør dette prøvast ut i fleire lokalkyrkjelydar med ulik profil og kontekst. Målet er at gudstenesta og gudstenestefellesskapet kan vera eit *place* –ein stad som knyt saman dei mange romma som dei unge i denne aldersgruppa flyttar mellom.

Økonomiske og administrative konsekvensar:

- Utgifter til prosjektleiing (innsamling og arbeid med materiale)
- Utgifter til materiell og kurs

- Prosjektmiddel til utprøving av dette
- TOTALT: 200 000,- - 800 000,- pr. år.

Prosjekt C: Kommunikasjon og rekruttering

I møte med ein generasjon som har vakse opp med den digitale kvardagen, og som brukar nettet aktivt for å innhenta informasjon, utfordrast kyrkja på kommunikasjon. Aldersspennet 18-30 år er også tida der ein startar studie- og yrkesliv. For mange inneber dette flytting til nye stader og eit oppbrot frå kyrkjelyden som har vore ramma om barne- og ungdomsåra. Dette delprosjektet vil ha eit todelt sikte:

- 1)Prosjektet vil arbeida med korleis kyrkja sin kommunikasjon med denne aldersgruppa kan betrast, med eit særleg fokus på overgangsfasar, t.d. flytting frå ”heimekyrkjelyd” til studentliv eller arbeidsliv ein annan stad. Her vil ein sjå på korleis ”heimekyrkjelyden” kan fungera som sendekyrkjelyd i oppbrotet til ein ny livsfase og til ein ny stad.
- 2)Dette prosjektet vil arbeida med rekruttering av unge menneske til kyrkjeleg utdanning. Nye undersøkingar viser t.d. at dersom nedgangen i teologistudentar held fram vil dette vera ei markant utfordring i framtida. Prosjektet vil særleg sjå på korleis kommunikasjon om kyrkjeleg utdanning i siste del av ungdomsfasen 15-19 år kan medverka til at fleire unge vel kyrkjeleg utdanning. Særleg vil ein fokusera på område der det er krevjande å rekruttera til kyrkjeleg utdanning, som t.d. i ein del samiske område.

Økonomiske og administrative konsekvensar:

- Utgifter til to delprosjekt, plassert i to prosti. I det eine prosjektet vil ein arbeida med korleis heimekyrkjelyden kan fungera som sendekyrkjelyd for ei mobil tru. I det andre prosjektet vil ein sjå på korleis kommunikasjon om kyrkjeleg utdanning kan stimulera til å velja kyrkjeleg utdanning.
- Utgifter til materiell som formidlar refleksjonen og erfaringa frå desse prosjekta
- Stipulert til: 600 000 – 1,2 mill pr. år.

Kjelder:

Arnett, Jeffrey Jensen: *Emerging Adulthood. The winding road from the late teens through the Twenties*. Oxford: Oxford University Press, 2004.

Birkedal, Erling: Kanskje jeg tror på en gud, men..IKO-forlaget: Oslo, 2008.

Carrol, Colleen: *The new faithful. Why young adults are embracing Christian orthodoxy*. Chicago: Loyola Press, 2002.

Cray, Graham: *Youth Congregations and the Emerging Church*. London: Grove Books Limited, 2002.

Grube, Kirsten og Østergaard, Søren: *Mere end blot en søgen efter enkle svar? – et studie i danske unges søgen mod kirkelige fælleskaber*. Fredriksberg: Unitas Forlag, 2006.

Hankiss, Elemér: *The Toothpaste of Immortality. Self-Construction in the Consumer Age*. Baltimore: The Johns Hopkins University Press, 2006.

Hayes, Mike: *Googling God. The Religious Landscape of People in their 20s and 30s*. New York: Paulist Press, 2007.

Huber, Wolfgang: *Kirche in der Vielfalt der Lebensbezüge. Vierte EKD-Erhebung über Kirchenmitgliedschaft*. Gütersloh, 2006.

Høeg, Ida Marie; Hegstad, Harald og Winsnes, Ole Gunnar: *Folkekirke 2000. En spørreundersøkelse bland medlemmer av Den norske kirke*. Oslo: KIFO Stiftelsen Kirkeforskning, 2000.

Luther, Martin: *Martin Luther Verker i utvalg*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1982.

- Mikkola, Teija; Niemelä, Kati og Pettersen, Juha: *The Questioning Mind, Faith and Values of the New Generation*. Tampere: Church Research Institute, 2007.
- Niemelä, Kati: *Does Confirmation Training Really Matter?* Tampere: Church Research Institute, 2008.
- Repstad, Pål: *Religiøst liv i det moderne Noreg. Et sosiologisk kart*. Kristiansand: Høyskoleforlaget, 2000.
- Savage, Sara; Collins-Mayo, Sylvia og Mayo, Bob: *Making sense of Generation Y. The world view of 15-25-year-olds*. London: Church house publishing, 2006.
- Senn, Frank C.: *Christian Worship and its Cultural Setting*. Minneapolis: Fortress Press, 1983.
- Sheldrake, Philip: *Spirituality and Theology*. Maryknoll New York: Orbis books, 1998.
- Smith, Christian (red.): *Soul Searching. The religious and spiritual lives of American teenagers*. Oxford/New York: Oxford University Press, 2005.
- Winsnes, Ole Gunnar (Red.) *Tallenes tale 2000. Perspektiver på stat og kirke*. KIFO Rapport nr.14. Trondheim, Tapir Akademisk Forlag, 2000.
- Winsnes, Ole Gunnar (Red.) *Tallenes tale 2003. Perspektiver på stat og kirke*. KIFO Rapport nr.25. Trondheim, Tapir Akademisk Forlag, 2003.
- Winsnes, Ole Gunnar (Red.) *Tallenes tale 2003. Perspektiver på stat og kirke*. KIFO Rapport nr.28. Trondheim, Tapir Akademisk Forlag, 2005.
- Ziebertz, Hans-Georg og Kay, William K. (red.): *Youth in Europe I. An international empirical Study about Life Perspectives*. Münster: LIT Verlag, 2005.
- Ziebertz, Hans-Georg og Kay, William K. (red.): *Youth in Europe I. An international empirical Study about Religiosity*. Münster: LIT Verlag, 2005.
- Ziebertz, Hans-Georg: *Gibt es einen Tradierungsbruch? Befunde zur Religiosität der jungen Generation*. Religionsmonitor 2008.

www.exemplary.com

http://www.bertelsmann-stiftung.de/cps/rde/xchg/bst/hs.xsl/nachrichten_88400.htm